

**Fra:** Lene Helgesen  
**Sendt:** tirsdag 27. juni 2023 11:15  
**Til:** oeivinst@gmail.com  
**Emne:** Parkeringsplasser Risasjøen

Til Øyvind Hauge Støle

Vi viser til dykkar henvending med omsyn til å etablere felles parkeringsplass på eigedom gbnr. 123/1.

Kommunen er kjent med at det er problem knytt til parkering i området.

Henvendinga dykkar er av ein slik karakter at den ikkje kan løysast gjennom byggesaksvakta. Vi vil tilrå at ein i området går i lag fleire (enn dykk 4) og får til ei felles parkeringsløyving.

De kan sjølvstekt søkje om dispensasjon frå LNF-føremålet gjeve i kommunedelplan samt frå byggeforbodet langs sjø gjeve i plan- og bygningslova § 1-8 for etablering av skissert parkeringsplass. Dette vil og krevje at det ligg føre godkjent avkøyrsløyve.

Etablering av skissert parkeringsplass vil krevje bruk av ansvarleg føretak, om de vel å tinge førehandskonferanse vil vi tilrå at de tek med dykk ein entreprenør som kan bistå dykk i ein søknadsprosess. Førespurnad om førehandskonferanse sendast via skjema på kommunens heimeside: <https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-endre-eller-rive/forehandskonferanse/>

Om de har behov for yttarlegare rettleiing må de tinge førehandskonferanse. Dette er ei gebyrlagt teneste som per no kostar kr. 5.561,-.

Vennleg helsing

**Lene Helgesen** | Rådgjevar byggesak

Telefon: +47 45 37 58 59

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

